



KYSTVERKET

Verksemdsstrategi

2021–2025



INNHOOLD

1.0 Forord	3
2.0 Rammer	4
2.1 Oppdrag og overordna mål	6
2.2 Forventningar fram mot 2025	7
3.0 Kystverkets strategiske mål og strategier	8
3.1 Kystverkets strategiske mål for perioden	10
3.2 Strategiar for å nå måla	12

1.0 FORORD

Kysten vår er sentral i Noreg si historie og verdiskaping. Sjøfarten og kystkulturen er ein viktig del av identiteten vår, og er med på å forme oss. Vi har god grunn til å vere stolte av å jobbe i Kystverket når vi strekker oss mot visjonen vår om å utvikle kysten og havområda til verdas sikraste og reinaste!

Vi står overfor auka krav til effektivisering saman med miljøutfordringar og rask teknologiutvikling. Vi treng ei tydeleg retning for å møte utfordringane og løyse oppgåvene våre best mogleg. Gjennom ei brei involvering i arbeidet med verksemdsstrategien har vi hatt ein god prosess med engasjerte tilsette.

Transportpolitiske mål, globale berekraftsmål, oppdrag og regelverk gjev rammer for kva vi skal gjere. Verksemdsstrategien fortel korleis vi skal jobbe – ikkje alt vi gjer eller alt vi kan. Strategiane i dette dokumentet skal hjelpe oss å stille dei rette spørsmåla og ta framtidsetta vegval.

Verksemdsstrategien skal brukast allereie i planlegginga for 2021, og eg håpar den vert eit nyttig verktøy for oss i all planlegging og prioritering dei komande åra.

Einar Vik Arset
kystdirektør



Einar Vik Arset

«Vår visjon er å utvikle kysten og havområda til **verdast sikraste og reinaste**»

2.0 RAMMER

Denne delen av dokumentet fortel kva som er Kystverket sitt handlingsrom. Vi har formelle rammer i lovverk og styring av verksemda. Samfunnet rundt oss utviklar seg og påverkar handlingsrommet vi har og prioriteringane vi må gjere.

«**Strategiar og verdier heng i hop**, og saman bygger dei både kultur og framgangsmåtar for å nå måla»

2.1 Oppdrag og overordna mål


Samferdselsdepartementet har gitt Kystverket mål og definert samfunnsoppdraget.

Oppdraget vårt er å legge til rette for sikker, miljøvennleg og effektiv ferdsel i farleier og i norske havområde, og hindre og avgrense miljøskade ved akutt forureining eller fare for dette.

Vi utfører oppdraget gjennom tre roller: Myndighetsorgan, fagorgan og som utbygger, driftar og forvaltar av maritim infrastruktur og statlege beredskapsressursar.

Regjeringa har vedteke at berekraftsmåla til FN skal ligge til grunn for utvikling og politiske løysingar for dei største nasjonale og globale utfordringane. Berekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng.

Dei overordna måla for transportsektoren er gitt i Nasjonal Transportplan (NTP), og er felles for alle transportetatane. Det langsiktige målet er eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050.



2.2 Forventningar fram mot 2025

Krefter og trendar i samfunnet dreg i ulike retningar. Dei vil påverke sjøtransporten og Kystverket på ulike måtar.

Fram mot 2025 trur vi dei viktigaste utviklingstrekkene blir:

- Usikker utvikling i nasjonal og global økonomi.
- Strengare krav til kutt i klimagassutslepp og redusert miljøavtrykk.
- Nye teknologiske moglegheiter og krav til digitalisering.
- Endringar i sjøtransporten og næringsverksemda i kyst- og havområda.
- Auka fokus på samfunnssikkerheit.

Konsekvensane av utviklingstrekkene er at vi både må effektivisere, navigere i eit teknologiskifte og redusere miljøpåverkinga samtidig.

←

Figur 1
Overordna mål for perioden 2022–2033. Dei årlege tildelingsbrev fra departementet bygger på desse.

«Oppdraget vårt er å legge til rette for **sikker, miljøvennleg og effektiv ferdsel** i farleier og i norske havområde»

3.0 KYSTVERKETS MÅL OG STRATEGIAR

Strategiane er felles og tufta på verdiane våre – framtidsretta, engasjert og påliteleg – som står sterkt i Kystverket.

Kystverkets strategiske mål

konkretiserer **kva vi må gjere** for å bidra til å oppfylle samfunnsoppdraget og dei nasjonale måla som er gitt i Nasjonal transportplan.

Strategiane


fortel **korleis vi skal jobbe** for å nå desse måla. Dei skal vere hjelpemiddel og verktøy for overordna planlegging og prioritering. Dei skal fungere som ei sjekkliste og kontrollspørsmål når vi tek strategiske vegval, driv langtidsplanlegging og må prioritere ressursar i årlege budsjett.

3.1 Strategiske mål for perioden

Måla gjeld heile Kystverket, har eit langsiktig perspektiv og skildrar den ønska tilstanden i 2025. Dei skal operasjonaliserast vidare i resultatmål med indikatorar.



Dei strategiske måla er forankra i måla i Nasjonal transportplan og FNs berekraftsmål.



3.2 Strategiar for å nå måla

Strategiar og verdiar heng i hop, og saman bygger dei både kultur og framgangsmåtar for å nå måla.

VI SKAL:

1. Jakte effektive og miljøvennlige løysingar gjennom digitalisering, ny teknologi og kontinuerleg betring.
2. Vere i tett kontakt med brukarar og næringsliv langs kysten – vere tilgjengelige, lytte til innspel og kommunisere tydeleg.
3. Ta initiativ til samarbeid og rolle-avklaring der vi kan bidra til å løyse nye oppgåver eller behov i samfunnet. Ressursane våre skal fremje verdiskaping og brukast til langsiktig forvaltning av kyst- og havområda.
4. Forvalte og formidle data om aktiviteten i kyst- og havområda raskt og med høg kvalitet.
5. Utnytte tverrfaglegheita og styrken som ligg i samspelet mellom forvaltning og operativ drift.
6. Sette leiarane i stand til å nå dei strategiske måla.
7. Dyrke fram ein sterk delingskultur og ei innstilling som er nyfiken og lærevillig.
8. Vere fleksible i måten vi organiserer oss på. Rekruttere og utvikle den kompetansen vi kjem til å trenge i takt med endra behov og oppgåver.

«Vi skal dyrke fram ein sterk **delingskultur** og ei innstilling som er **nyfiken og lærevillig**»



«Strategiane er felles og tufta på verdiane våre – **framtidsretta, engasjert og påliteleg** – som står sterkt i Kystverket»





KYSTVERKET